



Innkalling til årsmøte i Idrottslaget i BUL

Tysdag 02.03.2020 kl. 18.15–20.00.

Stad: Microsoft Teams

Som følge av koronapandemien har styret vedtatt at årsmøtet skal holdast digitalt ved bruk av Teams. Dette er det no høve til, jf. fråsegn gitt av NIFs lovutval 12. mars 2020.

Alle som ønsker å delta blir bedne om å registrera seg innan 28. februar kl. 23:00 her, <https://www.bul.no/?p=7738&preview=true>. Det er viktig for styret at vi får vite kven som ønskjer å delta, slik at vi ved behov kan oversende møtelenkje, relevant informasjon om gjennomføringa av årsmøtet på førehand, og dessutan at vi kan kontakte deltakarane direkte dersom det skulle oppstå tekniske problem i samband med årsmøtet.

Dagsorden:

Sak 1: Godkjenning av innkalling og dagsorden, val av møteleiar, referentar og protokollunderskrivarar

Sak 2: Godkjenning av årsmelding 2020

Sak 3: Rekneskap 2020

Sak 4: Budsjett 2021

Sak 5: Fastsetjing av årspengar til hovudlaget og fastsetjing av treningsavgift for 2022

Sak 6: Eventuelt/innkomne saker

Sak 7: Val av valkomité

Sak 8: Val av kontrollkomité

Sak 9: Val av styre

For å ha stemmerett må medlemmen ha fylt 15 år, ha vore medlem av IL i BUL i minst éin måned, og ha betalt medlemskontingent for 2021. Medlemmer under 15 år har møte- og forslagsrett.

Saker som medlemmer vil leggje fram for årsmøtet må vere administrasjonen i hende seinast 14 dagar før årsmøtet, altså 16. februar 2021. Det blir ønskt at vedlagde mal blir brukt. Saker skal sendast til simen@bul.no.

Fullstendig sakliste med alle saksdokument blir gjort tilgjengeleg for medlemmene seinast ei veke før årsmøtet på <https://www.bul.no/?p=7738&preview=true>.

Dersom nokon har spørsmål, kommentarar, endringsforslag, benkeforslag eller forslag til saker ut over dei som kjem fram av saksdokumenta, blir det oppmoda til å oversende desse på e-post før årsmøtet. Dette vil lette gjennomføringa for møteleiar, og vil bidra til ei betre behandling av sakene på årsmøtet.

For styret i Idrottslaget
Håvard Hasås
Styreleiar

Forslag til: **Årsmøte i Idrottslaget i BUL 2021**

Frå: **[ditt namn]**

Tittel på forslag: **[skriv inn tittel]**

Forslag:

[Her skal forslaget skrivast nøyaktig i den ordlyden det blir ønskt vedtatt. Grunngevinga for forslaget skal komma fram i grunngevinga under.]

Grunngeving:

[Her skal grunngevinga di for å fremma forslaget blir presentert.]

[Stad og dato]

[signatur]

[Namn]